



Nr. 12 - 2002

Notfanga torsk best til oppdrett?

Ved å bruka not i staden for snurrevad, oppnår ein høg overleving av torsk og symjeblera vert ikkje punktert. Dermed kan ein unngå mellomlagring av torsk i flatbotna merdar. Torsken kan dermed lagrast på eller nær fangstfeltet i vanlege seilagringsposar. Ved å fora slik torsk over sommaren, kan ein forsyne marknaden med fersk torsk ut over hausten og vinteren.



Dersom vidare forsøk med notfanga torsk vert vellukka, er kanskje dette framtida for fangst av villtorsk til oppdrettsformål: Ein brønnbåt hentar vital og lytefri torsk fanga med not og sett i steng.

Fangst og oppføring av vill torsk er eit nordnorsk oppdrettsalternativ. I vårtorskefisket utafør Finnmark er det store mengder ungtorsk av riktig storleik, 1,5 – 2,5 kilo. I løpet av eit godt halvår med foring kan vekta bortimot fordoblast.

Storskalaforsøk i 2001 og 2002 tyder på at notfiska torsk

er enklare å handtera når han vert fanga med not grunnare enn 40 meter djup. Snurrevad fangar torsk helt ned til 200-250 meter djup, og symjeblera til fisken vert punktert på veg opp til overflata. Sjølv torsk som vert fanga på 60 meters djup, får problem med punktert symjeblere. Snurrevadfanget torsk må derfor setjast i spesialtilpassa merd før den kan setjast inn til oppføring.

Dei første forsøka med levendefangst av torsk til oppføring starta på slutten av 1980-talet. Ein opplevde då at torsk dauda både under fangst, føring og ikkje minst etter levering. Gjennom fleire forskingsprosjekt i regi av Havforskningsinstituttet og Fiskeriforskning, og saman med næringsutøvarar, vart det gjort effektive forbetringar på reiskap, føringstankar og bruk av flatbotna mottaksmerdar for utsetjing av nyfanga torsk. Det vart mellom anna utvikla spesielle føringstankar i ein ombygd snurrevadbåt, M/S "Svein Frode". Åtferdsobservasjonar viste nemleg at nyfanga torsk samla seg på botnen av lagringstankar eller merdar. Samanklumpinga av fisk førte til oksygenmangel som var den direkte årsaka til at fisk dauda. Dermed vart føeringsromma konstruerte slik at friskt, oksygenrikt vatn kjem inn under fisken, for så å bli pressa opp gjennom fiskemassane. Dette konseptet er seinare tatt i bruk av fleire brønnbåtar.

Då forsøka var ferdige i 1994, hadde torskerekvotane auka og interessa for å fora fram levande torsk over minstemål vart mindre. Med lågare kvotar igjen, tok interessa seg opp att. Etter initiativ frå næringsaktørar vart nye forsøk sett i gang i 2001 på kysten av Finnmark, frå Havøysund til Berlevåg. I 2001 vart fisket stoppa 13. mai. For å unngå at levendefiskforsøka i 2002 vart avbrotne av ein ny fiskestopp, gav Fiskeridirektoratet dispensasjon til sju båtar som kunne fanga fisken levande på den beste tida. Det vil si frå påske og fram til medio juni. Dette viste seg å være ein rett avgjerd da det konvensjonelle fiskeriet stoppa endå tidlegare enn året før.

Dei samanliknande fiskeforsøka med eit not- og to snurrevadfartøy, føregjekk på Aust-Finnmark. Det viste seg at not kan verta eit svært godt alternativ til snurrevad.

Fisken syntes å vera meir vital og fordelte seg fortare og betre i føringstankane enn snurrevadfanga torsk. Overlevinga var god, og utan punktert symjeblore kan torsken i framtida truleg setjast rett over i lagringsposar for seinare henting av brønnbåt. Dei andre båtane som deltok i forsøket i 2002, leverte fisk fanga med snurrevad. Denne fisken vert seinare fordelt på ein del oppdrettsanlegg i Finnmark, Troms og Nordland.

Til saman ble det fanga opp mot 1000 tonn torsk. Godt over 80 prosent av den fanga torsken vart sett ut i merdar ved fleire oppdrettsanlegg i Troms og Finnmark. Fisken som kjem på torskeelskarane sine bord fram mot jul, skal gå i foringsforsøk. Torsken vert delt i mange grupper som får ulike forblendingar. I motsetnad til yngelbasert oppdrettstorsk er det vanskeleg, eller umogleg, å venja vill torsk til å eta tørrfor.

Initiativet til prosjektet "Optimal fangst og oppføring av levende villtorsk over minstemålet" kom frå oppdrettarar og Norges Råfisklag. Fiskeriforskning og Havforskningsinstituttet samarbeider om forskning og utvikling. Deltakarar frå næringa er Aqua Marin Fisk AS, Båtsfjord, Norfra AS, Tromsø, Fjord Marine AS, Brønnøysund og Norges Råfisklag, samt ein del fiskefartøy. Sjølve forsøksfisket føregår i nært samarbeid med Fiskeridirektoratet.

Samanliknande forsøk med not og snurrevad vil halda fram i 2002. Ein vil då sjå nærare på innblandinga av torsk under minstemålet. Den notfanga fisken var litt mindre enn den som vart fanga med snurrevad. Det vil mellom anna verta gjort forsøk med seleksjonspanel i tørkeposen og samanlikna metodar for overføring av fisk frå snurrevadfartøy til merd.

Kontaktperson:

Bjørnar Isaksen, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser.
Telefon: 55 23 68 06. E-post: Bjoernar.Isaksen@imr.no

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>